

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 27/2007

Møtedato: 9.5.07

Arkiv nr:

Samarbeid med Slidre skule

Vi har gjennom mange år brukt Slidre skule til arbeid med fiskeutsetting. For dette arbeidet har fjellstyret betalt kr 3.000 til klassekassa. Dei har sett fiskeutsetting opp på timeplanen i år også, men i år er det ikkje behov for å setja ut fisk i vatna der skula har brukt å vera med.

Områdetiltaket "Heime og på støle" ynskjer å bruke skulen aktivt og det kan vera aktuelt for fjellstyret å bruke skulen til dette i staden for fiskeutsetting.

Områdetiltaket har skissert følgjande opplegg for samarbeid med skulen:

Kartlegging og oppmåling av fornminne på støslaga, rydding og skilting. (10.kl)

I samarbeid med skulen ynskjer vi å registrere fornminne og rydde dei som eignar seg for dette (som tålar eksponering og evt. tilrettelegging med skilt eller opplysningstavler). Vi har 33 elevar frå 9.kl i vår =10. kl. til hausten som ynskjer å samarbeide. Dei vil lære å bruke GPS, dokumentere fornminne gjennom oppmåling og fotografering. Vi ynskjer å få til eit samarbeid med fylkeskonservator på dette. Kan du hjelpe oss her? Innkjøp/utlån av GPS?

Vi har jo akkurat fått ei bok om fornminne i V. Slidre og kanskje kan vi få midlar til at ho som skreiv den boka kan koma og hjelpe oss i felt? Vi snakka såvidt om dette med henne under boklanseringa i haust. Kanskje kan nokon frå fylkesmannen hjelpe til også?. Her har eg ikkje spurt nokon konkret enno, utan å ha gjort avtale med skulen. Det er mogleg denne klassen kan trø til på Trøllhøvd i samband med kartlegging av biologisk mangfald og rydding av støslaget her. Det er ein moden og svært oppegående klasse.

Områdetiltaket har litt smil-midlar til tiltaket, og tek på seg å organisere tiltaket, og å bistå i felt og med etterarbeidet. Kostnadar vil vere knytt til å betale buss for elevane, tilskot til litt mat for tre overnattingar, 1 overnatting vår, 2 overnattinga tidleg haust. Vi treng midlar til å dekke utgifter til digitalisering av funn og produksjon av digitale kart. Aller helst vil vi gjere det på den måten at vi gir opplæring av elevane, slik at dei sjølve legg inn koordinatar og presenterer funna, og at vi sikrar at nokon kvalitetssikrar dette.

Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på samarbeidet med skulen ved dei tiltaka områdetiltaket "Heime og på støle" har skissert og fjellstyret vedtek å godtgjera dette arbeidet med kr 3.000 til klassekassa.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.5.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Slidre skule v/Sissel Haugen
Områdetiltaket "Heime og på støle" v/Hanne Lykkja